

---

**Fra:** Anne Lise Molvik  
**Sendt:** 16. august 2016 10:30  
**Til:** 'heine@lindas-ror.no'  
**Kopi:** Arne Helgesen; Bente Skårnes Førland  
**Emne:** Utsleppsløyve for gbnr 85/21.

Til Lindås Rør & Sanitær AS v/ Heine Nævdal

I følge skriv frå kommunen datert 20.06.2016 må eigedomen ha godkjend utsleppsløyve før det kan gjevast løyve til tilkopling til kommunalt vassverk.

Kommunen har ingen opplysningar om avlaupsanlegget på eigedomen i det kommunale arkivet. Ansvarleg søkjar har i skriv datert 29.06.2016 gitt følgjande opplysningar om anlegget:

*Vi, Lindås Rør & Sanitær AS, bekrefter at eks. septiktank (4m<sup>3</sup>), for enebolig på Kvalvågnesvegen 340, Gnr 85, Bnr 12, er tilstrekkelig dimensjonert etter TEK 10. Standard Abonnementsvilkår for vann & avløp.*

*Eks. Septik er i tilsynelatende god stand, og er etter kontroll funnet tett og tilstrekkelig funksjonabel.*

*Avløpsanlegget har med 4m<sup>3</sup> Septiktank, samt eks Ø 110 PE overløpsledning til egna resipient etter da utslippet blei konstruert, en kapasitet for enebolig med 6 pe (personekvalienter)*

*Avløpsanlegget er dermed funnet i tilfredsstillende stand, og tilstrekkelig dimensjonert for tilkobling av vannledning til offentlig nett.*

Ansvarleg søkjar har vidare i telefonsamtale opplyst at eigedomen har innlagt vatn frå brønn og at det har vore innlagt vassklosett frå den tid avlaupsanlegget vart etablert.

Det er ikkje kjend når avlaupsanlegget vart etablert eller kor avlaupet vert ført etter reinsing i slamavskiljar. Eigedomen er ikkje registrert i den kommunale slamtømmeordninga. I følge føretaket Johnny Birkeland Transport har slamavskiljaren vore tømd etter oppdrag i 2014. Tømming er utført ved bruk av liten bil noko som tilseier at eigedomen ikkje stettar vilkåra til køyrbar veg i slamtømmeforskrifta og såleis ikkje kan inngå i denne.

Kommunen vurderer ut frå opplysningane over at det ikkje er dokumentert at eigedomen har godkjend utsleppsløyve.

*Mvh*

*Anne Lise Molvik  
Rådgjevar  
Lindås kommune*